

Arbeid med strategi for Nordfjordeid

Møte i oppgåveutval 21.08.2024

Velkommen!



Sakliste

- 1) *Val av møteleiar*
- 2) *Godkjenning av innkalling og sakliste*
- 3) *Godkjenning av møteprotokoll*
- 4) *Presentasjon utkast til strategi for Nordfjordeid v/Åse-Birgitte Berstad og Mirjam Kreisel, Stad kommune*
- 5) *Presentasjon utkast moglegheitsstudie v/Ketil Nord og Arne Kringlen, Norconsult*
- 6) *Pause (ca. kl. 13:45-14:00)*
- 7) *Arbeidsverkstad 1 – Strategi for Nordfjordeid v/Stad kommune*
- 8) *Arbeidsverkstad 2 – moglegheitsstudie for Nordfjordeid v/Norconsult*

Mandat for oppgåveutvalet

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid:

«Oppgåveutvalet skal gi innspel til det vidare politiske arbeidet med sentrums- og næringsutvikling, og skal gi ein peikepinn på kva tema som det er særleg viktig å få belyst, diskutert og tatt stilling til det vidare strategiske arbeidet og i ny arealplan.

Aktuelle problemstillingar/plantema som oppgåveutvalet kan drøfte og kome med tilrådingar innanfor, er mellom anna:

- *Nordfjordeid sin identitet og posisjon (næring/handel/kultur/reiseliv)*
- *Rammevilkår for vekst og utvikling i og rundt Nordfjordeid*
- *Arealbehov og potensiale for vekst innanfor verksemder med høg urbaniseringsgrad, detaljhandel, randsoneverksemder og arealkrevjande verksemd.*
- *Moglegheiter og barrierar for fortetting og transformasjon av sentrumsområdet (i eit økonomisk perspektiv)*
- *Mobilitet (t.d. parkering, transport- og utviklingsaksar, vegnett)*
- *Grøn omstilling og smart spesialisering*
- *Behov for strategi for eigeutvikling og samarbeidsforum mellom kommune og næringsliv»*

Arbeid med strategi for Nordfjordeid

- Strategien skildrar korleis vi ønskjer at Nordfjordeid skal sjå ut og fungere i framtida.
- Måla som blir sett definerer visjonen, medan strategiane skildrar korleis vi skal oppnå dette gjennom retning, rammer og anbefalingar til arbeidet.
- **Strategien inneheld forslag til tiltak som skisserer handlingsrommet framover.**
- Strategien skal legge grunnlaget for vidare arealplanlegging etter plan- og bygningslova, som vil gi juridiske føringar for bruk av areal.





Nordfjordeid - identitet

Strategi for Nordfjordeid

Visjon

Verdas beste vesle stad!

Id
s

...fullt
møte
bidr
kva
næri
på sær

...plass til alle,
universelt
tilrettel
rom f
fleksib
seg, bid
toleranse
av innbyg
fremje trygg

...kultur i form av mat og drikke,
kunst, arkitektur, aktivitetar og
mangfald, tilbyr variert handel og
tilbod, skapande, open for utvikling,
evne til å tilpasse seg skiftande
hendingar, tilbyr gode tenester av
høg kvalitet, nyttar
samfunnsressursar effektivt og gjer
omstillingane som trengs for betre
ressursutnytting.

Hov

Folk i sentrum:


Eit levande, inkluderande og urbant sentrum der
det er godt å bu, leve, besøke og drive næring.



Tematiske strategiar

Vi bevarer og vidareutviklar Nordfjordeid sine naturlege og kulturelle kvalitetar *gjennom* ein samanhengande blågrøn infrastruktur, samspel mellom Eidsgata og fjorden og konseptet «ein kilometer med kultur».

Vi utviklar Nordfjordeid sentrum slik at fleire vel å gå eller sykle gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.



Vi vidareutviklar næringslivet i sentrum *gjennom* å få rett verksemd på rett plass, legge til rette for funksjonsblanding og sambruk, og utvikle eit variert handels- og tenestetilbod.

Vi legg til rette for eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar gjennom samlokalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg.

Vi legg til rette for at Nordfjordeid sentrum er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle gjennom variert bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom.

«Folk i sentrum: Eit levande, inkluderande og urbant sentrum der det er godt å bu, leve, besøke og drive næring.»

Tematiske strategiar


Vi **bevarer og vidareutviklar Nordfjordeid sine naturlege og kulturelle kvalitetar** gjennom ein **samanhengande blågrøn infrastruktur**, **samspel mellom Eidsgata og fjorden** og konseptet «ein kilometer med kultur».

Vi utviklar Nordfjordeid sentrum slik at **fleire vel å gå eller sykle** gjennom **utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk**.

Oppbygging av strategiane:

[TEMA]: Vi **[målformulering, kva vil vi oppnå]** gjennom **[strategisk grep, måten vi skal jobbe på]**

Kva betyr dette og korleis får vi det til?: [Utdjupande tekst]



Vi **vidareutviklar næringslivet** i sentrum gjennom å **få rett verksemd på rett plass**, **legge til rette for funksjonsblanding og sambruk**, og utvikle eit **varierte handels- og tenestetilbod**.

Vi legg til rette for **eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar** gjennom **samløkalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg**.

Vi legg til rette for at Nordfjordeid sentrum er **trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle** gjennom **varierte bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom**.

«Folk i sentrum: Eit levande, inkluderande og urbant sentrum der det er godt å bu, leve, besøke og drive næring.»

Handlingsrom - tiltak

Delt inn i:

- 0-3år
- Fortløpande
- 3-5 år
- 5-10 år
- *Kva med langsiktige tiltak?*

Døme

0-3år:

- Vidareutvikle skulekorridoren med barnehage, skule og idrett samlokalisert
- Etablere mellombels møteplass i Eidsgata; gjennomføre prosjektet «midt i gata»
- Etablere Campus Nordfjord

3-5 år:

- Få etablert føreseielege og klare rammer for parkering og trafikkmonster
- Utbetre området ved Almenningen/Godsterminalen

5-10år

- Etablere landstraum for cruise
- Ladepunkt for storbil + biogass/ev. hydrogen inntil E39/Rv.15
- Etablere eit nasjonalt fjordvarmesenter – miljøfyrtårn


Arealstrategi for Nordfjordeid – forslag til oppbygging

Arealstrategi for Nordfjordeid

- skal vere **overordna**
- er ei konkretisering av visjon, hovudmål og tematiske strategiar
- skal legge grunnlaget for plan- og utviklingsgrep i komande juridiske arealplanar
- delar Nordfjordeid inn i **funksjonelle område** og identifiserer ønskt **hovudfunksjon** og **planbehov**
- er ikkje juridisk bindande for enkeltareal og eigedomar

Vidare arealplanlegging:

- Arealbruken blir først juridisk bindande gjennom arealplanar, som kommuneplanens arealdel (KPA) og reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering).
- I KPA kan ein til dømes bestemme følgjande:
 - Sentrumsformål, bustad, næring eller anna hovudformål (eller ei blanding)
 - Eventuelt krav om områderegulering der det er behov for det
 - Sentrumsavgrensing
 - Langsiktig utbyggingsgrense rundt tettstaden («markagrense»)
- **T.d. er områdereguleringsplan for Nordfjordeid sentrum** er med i utviklingsplanen (planstrategi) 2024-2028 med oppstart i 2025. Arbeid med denne kan startast opp parallelt med arbeidet med kommuneplanens arealdel.
- Det vil vere høve til å utarbeide **private detaljreguleringsplanar** for mindre område (der det ikkje blir sett krav om områderegulering).



Utkast (døme) til inndeling av område på Nordfjordeid - dette vil bli arbeidd med framover.